

## Møtereferat

Dato: 08.09.2015

Emne:	<b>Referat frå regionalt planforum 25. august 2015 - Eidfjord kommune – kommunedelplan Sysendalen</b>	
Til stades:	Eidfjord kommune: Anved J. Tveit (ordfører); Asle K. Læg Reid; Aud Opheim; Gunnar Elnan; Heidi Dyrøy (iVest Consult AS for Eidfjord kommune) Fylkesmannen: Egil Hauge; Christian Alstad Statens vegvesen: Hildegunn Stenseth (video) NVE: Toralf Otnes (video) Kartverket: Aase Midtgaard Skrede Hordaland fylkeskommune: Jan Nordø (klima- og naturressursseksjonen); Tore Slinning (fylkeskonservatoren); Hanne Espe (kultur- og idrettsavdelinga); Per Nordmark (planseksjonen); Liv Sundheim (planseksjonen)	
Forfall:		Sak: 2014/13624-76
Møtetid:	1300 - 1500	Møtestad: Fylkeshuset

**Møteleiar:** Per Nordmark**Referent:** Liv Sundheim

Per Nordmark ønskte velkommen og ordfører Anved Tveit gjorde greie for bakgrunn for planarbeidet. Det var synfaring med Fylkesmannen for eitt år sidan, fylkeskommunen var ikkje med. Planen om alpindestinasjon og landsby i Fjellhaugen er basert på eit privat initiativ. Dette er ei stor sak som kommunestyret stiller seg bak. Uavhengig av dette er omgjering frå fritids- til heilårsbustad eit tema i planarbeidet.

Heidi Dyrøy frå iVest presenterte planarbeidet. Forslag til konsekvensutgreiing er ikkje ferdig. Det er utfordringar knytt til INON, villrein, landskap, trafikk og transport. Utbygginga kjem i urørt område. Det må lagast ny tilkomstveg, ein har sett på to trasear. Tilhøvet til trafikk, energibruk, forureining mm er ikkje avklart. For friluftsliv må løype/sti leggjast om. Ein avventar resultat for kulturminne.

### Drøftingstema

Som aktuelle drøftingstema var lista opp bakgrunn, samanheng med andre planar, ROS, naturmangfald, friluftsliv, fortettingsproblematikk, kulturminne, miljø, veg og samferdsel, konsekvensutgreiing.

Det kom spørsmål om tal bruksendringar, om det var gjort marknadsundersøkingar og om tilhøvet til tidlegare planar om utvikling av Maurset. Kommunen svarte at det var laga ein masterplan, ein hadde nytta anerkjent firma som har laga tilsvarande anlegg for OL i Sotsji. Desse har sett mest på kapasitet. Kommunen meiner det er plass til to anlegg i området. Hovudmarknad er Bergen og Haugalandet, men det er behov for meir undersøking på marknadssida. Det er ønskje om å skape heilårs aktivitet. Utfordringa med Maurset er at det er sørvendt og det kan skape vanskar med nok snø. Dette området er nordvendt.

Kommunen fekk spørsmål vedrørande omfang, blanding fritidsbustader-bustader, avgrensing og sosial infrastruktur. Det var påpeikt at det er viktig å gi føringar og kriterier for vidare planlegging. Det vart stilt spørsmål ved tilhøvet til Regional plan for Hardangervidda og villreinområdet. Korleis forhold planen seg til omgjevnadene og korridorar? Regional plan har prinsipp som kan vere i strid med planen. Ein må ta inn villreinproblematikken. Det vart svart at regional plan må leggjast til grunn, det er teke med i ROS og KU. Det skal ikkje underkommuniseras. Arealet har ikkje beiterregistreringar.

Om bruksendring peikte kommunen på at Sysendalen har vore eit landbruksområde og at ein ønskjer fleire fastbuande. Ein må uansett ha skoleskyss, og der er heimesjukepleie alt i dag.

*Ras- og flaumproblematikk:* Frå NVE vart det peikt på at ein må unngå område som er skredutsette. Det er snøskredkartet som er vist skravert på kartet. Det vert tilrådd å legge aktsomhetskart til grunn, der ligg litt mindre areal. Bruk kart til NGI der dei finst, og til NGU der NGI ikkje finst. Det er lurt i viktige utbyggingsområde å gjere konkrete vurderingar og ikkje utsette til reguleringsplanfasen. Skiområdet kryssar Drølstølsbekken, ein bør få nokon med fagkunnskap til å sjå konkret på bekkefare med tanke på skred allereie på dette plannivået. Når det gjeld flaumfare har ein tidlegare spelt inn 20 m langs bekker/elver i horisontalplanet.

Det vart stilt spørsmål om nye byggeområde rett nedanfor Sysendammen kan vere potensiell kjelde til arealbrukskonflikt. Statkraft eig demninga. Kommunen svarte at hyttefeltet har lege lenge i kommuneplanen og at Statkraft har uttalt seg. Området er ikkje regulert. Kommunen peikte på at Drølstølsbekken har 50 m byggegrense.

*Kulturminne:* Det er bestilt kulturminneregisteringar. Dett er tetthet av kulturminne i området. Mykje er undersøkt tidlegare, men ikkje i løypetraser, der det kan vere konflikt. Ein har registreringar for jernvinneaktivitet, men kva med nyere tids kulturminne?

*Miljø:* det er førebels lagt inn 120 nye hytter, 1800 nye senger. Det blir mykje folk og ein må sjå på miljøutfordringar, samla belastning og kapasitet for området. Fylkesmannen/klima- og miljøavdelinga ønskjer tidleg dialog.

Kommunen viste til at det er investert mykje i Maurset-området. Alle nye felt skal knytast til vatn og avløp, ein har rimeleg god kontroll på VA og er del av interkommunal renovasjonsordning. Støy det man i minst grad kan gjere noe med, ein lyt vurdere stille område. Fylkeskommunen jobber med ladestasjon ved Maurset.

*Naturmangfald:* Det er viktig å løfte dette opp i planarbeidet. I Myrkdalen var det NINA som gjorde konkrete vurderingar, her endte ein med å trekke ned nokre heisfeste og tidsavgrensing av ferdsel. Planen vil opne for større belastning. Det bør gjerast tilleggsvurderingar. Det er rein i området og Hardangerviddaplanen må leggast til grunn.

*Samferdsel:* Statens vegvesen viste til at det er en del arbeid som må gjerast før høyring. Det er viktig med tilkomst frå riksvegen, avstand frå riksvegen, mjuke trafikantar og kollektivtransport. Total støymengd er avgjerande. Avstand har mykje å seie for drifting og vedlikehald av vegen. Det er eit snørikt område, og det må takast omsyn til parkerte bilar: minsteavstand 20 m frå veg til parkert bil. Til oppstart var gitt uttale om trafikkanalyse som grunnlag. Omgjering av hytte til bustad vil vere vesentleg for analysen. Ein må vite litt meir om mengde trafikk. Kryssing planfritt for mjuke trafikantar riksveg. Med tanke på kollektivtransport må tal bueiningar og skuletransport inn i trafikkanalysen. Det er viktig med dialog vidare.

*Kommuneplan-reguleringsplan:* Når ein lagar kommuneplan skal kommunen alltid vurdere om gamle planar skal gjelde (jmf endring i plan- og bygningslova). Reguleringsplanar som fortsatt skal gjelde skal visast med hensynssone. Hvis ein endrar formål både i kommunedelplan og reguleringsplan skal siste plan gjelde. Vis med hensynssone og bestemmelsar om kva som skal gjelde. Fylkesmannen har jurist som jobber med slike problemstillingar. Kommunen opplyste at i utgangspunktet skal gjeldande reguleringsplanar gjelde uendra.

Kartverket rådde til å la kartet kommunisere og til å bruke alle verktøy i kart- og planforskriften. Det kan lagast kartutsnitt, mange kart og temakart. Kartverket tilbyr teknisk kontroll av plankartet, men vil gjerne inn på forhånd. Et kart skal ikke underslå informasjon, men heller ikkje framheve.

*Friluftsliv:* Det er mykje friluftsliv i området, ein ser ikkje dei største konfliktene, men nokre løyper vert lagt om. Fylkeskommunen viste til at Miljødirektoratet har eit opplegg for kartlegging og verdisetting av friluftsområde. Det kan også sikrast friluftsområde. Det er fint om planen legg til rette for gang- og sykkelveg. Når det gjeld rutenett er det ønskjeleg med tett samarbeid mellom DNT og grunneigarar. Ta gjerne kontakt.

Turvegar visast som linje i kommunedelplan, med føresegner slik at dei fungerer som korridorar. Det kan lagast hensynssoner for landskap, verdiar og opplevingar – planlegg også for dei interesser som ikkje skal byggjast ned.

Det er viktig å sikre tilkomst frå veg/parkeringsplass.

Ta vare på lokale verdiar, vassdrag, fiske, kulturminner – folk vil også sjå fine natur- og kulturlandskap.

På spørsmål om *medverknad* var det opplyst at det har vore infomøte i juni, invitasjon via hyttevelforeininga, der det er jamnlege møte.

Til slutt takka ordføraren for møtet og grei dialog. Prosjektet har ein del «skjer», men ein vonar å få det i hamn neste år.